



Plan og byggesak

Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18619 - 20/76972

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2020

Mellombels bruksløyve ny trapp og rampe - gbnr 445/224 Manger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 1305/20
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for ny utvendig trapp til Manger kyrkje, på gbnr 445/224 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: ny utvendig trapp.**
- 2. Ferdigattest skal ligge føre innan 01.02.2021.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.06.2019.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Rekkverk langs ny rampe.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: ny utvendig trapp med rekkverk.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 21.12.2021.
Det vert elles vist til søknad motteken 01.12.2020.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltaket.

Skildring

Adresse:	Idrettsvegen 1A
Bygningstiltak:	Kyrkje

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18619

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Arkitekt	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Mette Kyed Thorson			
Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS